



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 18.02.2014
Møtetid: 15:00 - 17:30
Møtestad: Samnanger barneskule

Av 5 medlemmer møtte 4, inkludert 0 varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Jon Magne Bogevis (Frp) for Karl Kolbotn (Frp)	

Andre som var til stades på møtet:
Ordførar M.Aase, skule- og barnehagefagleg ansvarleg K.Steinsland og ass.rådmann H-L.Våge

Møteleiar:	Eva Hellevang (H)
Møtesekretær:	Ass.rådmann Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Ordførar orienterte om folkemøte den 11 og 12 mars i samband med innspel til kommuneplan. Ho oppmoda politikarane i frå OO å delta spesielt på møtet om levekår. Utvalet var på synfaring i sfo.
Utvalet sitt kvarter:	Utvalet sitt kvarter: Sigmund Dyrhoven (Krf): Stilte spørsmål om søknad om spelemidlar til skianlegget i Totræna, samt om der er interesse for samarbeid for felles skianlegg med Kvam på snøsikre område. Ass.rådmann orienterte om skigruppa sin søknad og at naturutvalet skal handsama denne i møtet 19.02.14. I idrettsplanen og kommuneplanen vil det vera naturleg å legge inn diskusjon om evt. nytt anlegg. Idrettsplanen kjem opp til handsamming i naturutvalet i mai d.å.
Dokument utlevert i møtet:	

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 28.02.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/14	14/148	Faste saker	
002/14	14/137	Utdanningsprogram for godt eigarskap, leiarskap og medarbeidarskap	
003/14	14/132	Reservasjonsordning for fastleger - Høyring	

SAKNR. 001/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

18.02.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Skule og barnehagefagleg ansvarleg orienterte om tilsyn i grunnskulane i Samnanger.

Utvalet sitt kvarter: Sigmund Dyrhoven (Krf): Stilte spørsmål om søknad om spelemidlar til skianlegget i Totråna, samt om der er interesse for samarbeid for felles skianlegg med Kvam på snøsikre område.

Ass.rådmann orienterte om skigruppa sin søknad og at naturutvalet skal handsama denne i møtet 19.02.14. I idrettsplanen og kommuneplanen vil det vera naturleg å legge inn diskusjon om evt. nytt anlegg. Idrettsplanen kjem opp til handsaming i naturutvalet i mai d.å.

OO-001/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/14

UTDANNINGSPROGRAM FOR GODT EIGARSKAP, LEIARSKAP OG MEDARBEIDARSKAP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune skal utvikla ein strategi for ei heilskapleg tilnærming til barn og unge sin oppvekst. Skule- og barnehageleiarane og representantar frå skuleeigar, utval for Oppvekst og omsorg skal delta i leiar – / eigarsamlingane i utdanningsprogrammet i regi av Midthordland kompetanseregion.

18.02.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Skule og barnehagefagleg kjem tilbake med kor mange politikarar som skal delta.

Samrøystes vedteke.

OO-002/14 VEDTAK:

Samnanger kommune skal utvikla ein strategi for ei heilskapleg tilnærming til barn og unge sin oppvekst. Skule- og barnehageleiarane og representantar frå skuleeigar, utval for Oppvekst og omsorg skal delta i leiar – / eigarsamlingane i utdanningsprogrammet i regi av Midthordland kompetanseregion.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

18.02.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram følgjande framlegg:

” Samnanger kommune gjev følgjande høyringsuttale:

1. Pasientar sine rettar utifrå norsk lov skal ivaretakast av alle ledd i helsetenesta. Samvitsaspektet for helsepersonell i spørsmål knytt til etiske refleksjonar om liv og død må likevel anerkjennast og så langt mogeleg, takast omsyn til.
2. Det er grunnleggjande viktig for eit demokratisk fleirtal også å anerkjenna at eit mindretal kan ha legitime utfordringar i spørsmål fleirtalet ikkje anser som problematisk.
3. Det er allment anerkjent at helsepersonell kan reservera seg mot å delta i abortinngrep. Ein tilsvarande mulighet bør også finnast for fastlegar i spørsmålet om å tilvisa til abortinngrep og i andre spørsmål som omhandlar liv og død.
4. Ein slik reservasjonsrett bør heimlast i lov eller forskrift, og ikkje overlatast til kommunane.
5. Det bør framleis vera ein føresetnad at det finnast nok tal legar i rimeleg nærleik som kan ivareta desse oppgåvene.
6. Avvegingar om det siste, vil måtta verte føreteke av kommunen, men på ein slik måte at eit eventuelt avslag på mulighet for reservasjon må grunngjevast, til dømes med at det er få legar i kommunen, at fleire alt har reservert seg etc.
7. Det må understrekast at kommunen si haldning i denne saka utelukkande handlar om muligheten til reservasjon og ikkje om abortlovgjevinga.”

Liv Berit Befring (Ap) sette fram følgjande framlegg:

” Nei til fastlegers «reservasjonsrett» når det gjelder henvisning til abort.

Samnanger Arbeiderparti har merket seg at den nye regjeringen og dens samarbeidspartnere går inn for å etablere en reservasjonsrett for fastleger, hvor fastlegene etter eget forgodtbefinnende kan nekte sine pasienter å henvise dem til abort i samsvar med norsk helsepraksis og norsk lov.

Samnanger Arbeiderparti støtter ikke en slik rett for fastleger, og vil jobbe mot at en slik resevasjonsmulighet vil bli mulig i Samnanger kommune. Retten til selvbestemt abort for kvinnen må ligge til grunn for en fornuftig og framtidrettet helse-, familie- og likestillingspolitikk uansett hvor i landet en måtte være bosatt. Samnanger Arbeiderparti vil minne om at det er en fullstendig frivillig sak å søke en fastlegestilling og at man i slike viktige spørsmål aldri må akseptere at helsevesenet skal prioritere behandlerens behov framfor pasientens.

Samnanger Arbeiderparti vil understreke at det kan være grunn til å mistenke at en eventuell reservasjonsrett vil kunne få større uheldige konsekvenser for kvinnelige pasienter i distriktssamfunn hvor det er lange reiseavstander og få fastleger. Vi vil med dette markere at fastleger ikke bør ha rett til å reservere seg fra å henvise til abort. De uheldig konsekvensene vil bli desto større dersom beslutningene blir lagt til de enkelte kommunene.”

Det vart røysta alternativt over framlegga.

To røysta for framlegget frå Dyrhovden;

- Sigmund Dyrhovden (Krf).
- Eva Hellevang (H)

To røysta for framlegget frå Befring;

- Liv Berit Befring (Ap)
- Heidi Arnesen (Ap)

Dyrhovden sitt framlegg vart vedteke med leiar si dobbeltrøyst.

OO-003/14 VEDTAK:

Samnanger kommune gjev følgjande høyringsuttale:

1. Pasientar sine rettar utifrå norsk lov skal ivaretakast av alle ledd i helsetenesta. Samvitsaspektet for helsepersonell i spørsmål knytt til etiske refleksjonar om liv og død må likevel anerkjennast og så langt mogeleg, takast omsyn til.
2. Det er grunnleggjande viktig for eit demokratisk fleirtal også å anerkjenna at eit mindretal kan ha legitime utfordringar i spørsmål fleirtalet ikkje anser som problematisk.
3. Det er allment anerkjent at helsepersonell kan reservera seg mot å delta i abortinngrep. Ein tilsvarande mulighet bør også finnast for fastlegar i spørsmålet om å tilvisa til abortinngrep og i andre spørsmål som omhandlar liv og død.
4. Ein slik reservasjonsrett bør heimlast i lov eller forskrift, og ikkje overlatast til kommunane.
5. Det bør framleis vera ein føresetnad at det finnast nok tal legar i rimeleg nærleik som kan ivareta desse oppgåvene.
6. Avvegingar om det siste, vil måtta verte føreteke av kommunen, men på ein slik måte at eit eventuelt avslag på mulighet for reservasjon må grunngjevast, til dømes med at det er få legar i kommunen, at fleire alt har reservert seg etc.
7. Det må understrekast at kommunen si haldning i denne saka utelukkande handlar om muligheten til reservasjon og ikkje om abortlovgjevinga.....

